

Årsmelding 2016 – Jøsneset bygdaråd

Årsmøtet 2016 blei halde 29.02.16.

Val: Valkomiteen si innstilling blei vedtatt:

Odd Fosså, attvald til til leiar for 1 år-

Unni Fossaa attvald som styremedlem for 2 år.

Marit Wyller nytt styremedlem for 2 år. (Svanhild H. Gbada gjekk ut)

Sven Westersjø og Rasin Tjeltveit var ikkje på val.

Oddvar Skiftun attvald som revisor for 2 år.

Knut Foss attvald som vara fro 1 år og jarle langvik ny vara for 1 år.

Silje Sværen nytt medlem i valkomiteen saman med Berit S, Hjorteland og Cesilie Wåland. (Paul Olav Skiftun gjekk ut).

Styret har vore konstituert slik:

Leiar: Odd Fosså,. Kasserar: Sven Westersjø. Sekretær; Rasin Tjeltveit. Styremedlem: Marit Wyller.
Kontakt for trivselstova/skulebygg: Unni Fosså.

Aktivitet

I tillegg til årsmøtet har det vore 4 ordinære styremøter., møte med ordførar/andre bygdaråd og ein del uformell kontakt pr telefon/e-post.

Smashing Jøsneset blei arrangert 06. august ved hjelp av mange friviljuge. Det var fleire møter vedr, dette både vår og haust.

Skulebygningane: Prosessen med å få til ein avtale med kommunen går seint. Kommunestyret har tidlegare vedtatt prinsippsak om at det skal lagast avtalar, men etter det har det stoppa opp. I møtet bygdaråda hadde med ordførar, kom det fram at ingen ting meir var gjort eller tenkt. Ordførar lova då å ta tak i saka, men etter det har vi likevel ikkje høyrte meir. Kommunale folk har fleire gonger prøvd å finne/reparere lekasjen i gym.bygget, men har ikkje lykkast.

Kommunesamanslåing: Bygdarådet har sendt uttale der vi bestemt meiner at bygda vår er mest tent med fortsatt å vere i same kommune og at ikkje grensa mellom Hjelmeland – og Suldal kommune blir sett langs midtlinja i Jøsenfjorden.

Skiltkveldar: Det blei arrangert ein del skiltkveldar der stadnamn blei fresa inn og malt på treplater. Det var veldig godt frammøte på desse kveldane, både av born og vaksne. Namn som ligg langs turstiar blei prioritert. I løpet av våren/sommaren blei skilta hengt opp.

Det er laga----- skilt, og bygdarådet planlegg vidare arbeid med slike skilt. Skiltprosjektet er sponsa av Sparebank-stiftelsen SR bank med 25 000 kr.

Den internasjonale vaffeldagen: Denne blei arrangert 25.03 som kafé og uformell drøs.

Dugnad Fosstemmen: Dette blei arrangert 30.04. Det blei laga sandstrand/badestrand og det blei ordna med ved. Badestranda blei spons med 50 000 kr frå Marin Harvest.

Ryddedag: Denne blei arrangert 10.05.. Det blei som vanleg på desse dagane rydda langs vegane, og etterpå blei det servert mat og brus/kaffi.

Sankt Hans: kvelden blei tradisjonelt feira i Skiftunstranda saman med Helselaget.

Smashing Jøsneset 06.08: Det var konsert med -----, medan Goggen spelte opp til dans etterpå. Bygdarådet var svært nøgd med frammøtet og overskot. Vi har og fått veldig gode tilbakemeldingar frå mange av dei frammøtte. Det blei ytt stor dugnadsinnsats av folket i bygda.

TV-aksjonen 16.10.: Bygdarådet arrangerte kafé i Trivselstova. Godt frammøte.

Leiar, Odd Fosså, orienterte om aktuelle saker så som Smashing Jøsneset og skulebygningane.

Julerettening 04.12.: Det starta med fakkeltog frå Skiftun kai og opp til trivselstova. Der blei det selt graut, kaffi og kaker. Etterpå blei lysa tent på juletreet, og det var gang rundt treet.

Påleggskveld???

Bakekveld???

Nyttårsfeiring på skulen: Etter suksess med dette tidlegare år, blei det arrangert dette året og. Det var ----- frammøtte.

Jøsneset på nett: Dette er ein ubetinga suksess. Nettsida blir stadig oppdatert med store og små hendingar, og responsen frå både nær og fjernt er veldig positiv.

Styret i bygdarådet vil til slutt takke sambygdingane for stor dugnadsinnsats og samarbeid gjennom året.

Skiftun 30.01.17.

Rasin Tjeltveit